



# MØTEBOK

## Fylkeslandbruksstyret i Rogaland

<b>Møtedato:</b> 23.10.08	<b>Sakslistenr.:</b> 87/08	
<b>Vår ref:</b> 2008/8449	<b>Arkiv:</b> 422.0	
<b>Saksbehandlar:</b> Dagfinn Hatløy	<b>Telefon:</b> 51 56 89 79	<b>E-post:</b> <a href="mailto:dagfinn.hatløy@fmro.no">dagfinn.hatløy@fmro.no</a>

### FLS - Høyring "forslag om innføring av hjemmel som gir fylkesmannen adgang til å pålegge kommunene rapporteringsplikt i saker etter jordloven og konsesjonsloven"

#### Bakgrunn:

Høyringsbrev fra Landbruks- og matdepartementet dagsett 15. september

Landbruks- og matdepartementet har grunn til å tro at flere kommuner anvender regelverket feil eller ikke følger nasjonale retningslinjer ved behandling av saker etter jordloven og konsesjonsloven. Følgen av dette er at hensynene bak regelverket og nasjonale målsetninger settes til side, samt sentrale rettssikkerhetselement, som likhets- og forutberegnelighetsprinsippet.

På denne bakgrunn foreslår Landbruks- og matdepartementet å innføre en hjemmel som gir fylkesmannen adgang til å pålegge kommunene fortløpende å oversende avgjørelsene i en eller flere sakstyper etter jordloven og konsesjonsloven i tilfelle hvor det over en periode er nødvendig å følge med på praktiseringen. Forslaget gir fylkesmannen mulighet til å få oversikt over kommunenes praksis slik at det er mulig å gripe inn med nødvendige virkemidler. Det forutsettes at rapportering skal pålegges som en midlertidig løsning og opphøre når behovet ikke lenger er tilstede.

Landbruks- og matdepartementet ber om høringsuttalelse innen 29. oktober 2008.

Uttalelsene sendes Landbruks- og matdepartementet, postboks 8007 Dep, 0030 Oslo eller på e-post til [postmottaket@lmd.dep.no](mailto:postmottaket@lmd.dep.no)

Forslaget er også lagt ut på

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/horinger/Horingsdokumenter/2008/horing---forslag-til-innforing-av-hjemme.html?id=526339>

## **INNSTILLING FRÅ FYLKESMANNEN – PUNKTVIS I SAMSVAR MED HØYRINGSNOTATET:**

### **2 BAKGRUNN FOR LOVFORSLAGET**

#### **2.2 Forholdet mellom stat og kommune**

Fylkesmannen ser positivt på intensjonen som låg bak endringa med å delegerere meir avgjerslerett til kommunane (frå 2004) for saker etter jord,- og konsesjonslova.

Vi er samd i departementet si understrekning i høyringsnotatet av at "*de nasjonale hensyn som ligger til grunn for jordloven og konsesjonsloven, samt hensynet til borgernes rettsikkerthet*" er omsyn som gjer det nødvendig å styre kommunane sitt arbeid med areal- og ressursforvaltning. Dette for å sikre eit forsvarleg jordvern i samsvar med nasjonale føringar, og ei mest mogleg lik behandling frå kommune til kommune.

#### **2.4 Gjeldende rapporteringssystem**

LMD skriv: "*KOSTRA gir derfor ikke den tilstrekkelige informasjonen på enkeltsaksnivå som kan gi grunnlag for å følge opp praksis i den enkelte kommune.*

Fylkesmannen er samd i at KOSTRA i hovudsak gir kvantitativ informasjon og i liten eller ingen grad, oversikt over kvalitet og grad av politikkoppnåing gjennom praktisering av jord,- og konsesjonslova i kommunane. Riksrevisjonen har som kjent i sin rapport (nr 3:11(2006-2007)) "*Undersøkelse av bærekraftig arealplanlegging og arealdisponering i Norge*" og peika på manglande nasjonal og regional oversikt over arealutviklinga i kommunane. Noko som gir eit manglande og/eller dårlig grunnlag for å evaluere om praksis i kommunane bidrar til måloppnåing i tråd med Storting og regjering sine føresetnader.

### **4 BEHOVET FOR ENDRINGER**

Forslaget gir betre høve enn i dag til å følgje med kommunane og gripe inn ovafor kommunar som nyttar regelverket feil eller ikkje følgjer opp nasjonale målsettingar.

Vi registrerer i dag at det er stor forskjell mellom kommunane i praktisering og tolking av regelverket i desse sakene. Det er difor tilfeldig om fylkesmannen blir kjend med kommunale avgjersler som er i strid med lova eller nasjonale målsettingar, og om ein då grip inn i saka frå fylkesmannen. Vi meinar dette er svært uheldig.

Fylkesmannen støttar difor dei vurderingane som er gjort om dette av departementet i høyringsnotatet.

### **5 NÆRMERE OM FORSLAGET**

#### **Forvaltningslova § 35 - ugyldigheit**

Når det gjeld høve til å nytte forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c, og oppheve kommunen sitt vedtak pga ugyldigheit, har råda frå våre juristar på embetet, over lengre tid, vore at dette er eit verktøy som er svært vanskeleg å ta i bruk. Terskelen for å konstatere ugyldigheit er etter deira vurdering svært høg. Fylkesmannen ber difor om rettleiring og

nærare avklaring frå departementet på dette punktet, før arbeidet med å innrapporterte saker eventuelt trår i kraft.

#### Ny plan og bygningslov - § 19-4 dispensasjon frå plan

Føremålet med utsendte forslag om heimel for rapporteringsplikt, er å sikre gjennomføring av vedtekne nasjonale jordvern, - og landbrukspolitikk, gjennom at fylkesmennene får betre oversikt og om nødvendig kan gripe inn. Fylkesmannen vil syne til at dette innsynet og verktøyet har ein i all hovudsak allereie for deling og omdisponering i dag, gjennom plan- og bygningslova § 7 og § 15.

Vi finner det difor underleg at § 19-4 i ny plan, - og bygningslov gjer unntak for størstedelen av landareala i Noreg, i og med at denne bestemelsen berre gjeld strandsona og fjellområdet. Dei areal jordvernpolitikken gjeld for er altså i all hovudsak teken ut av § 19-4 sitt virkeområdet. Dette kan gi eit signal om at dei nasjonale omsyn for jordvern ikkje er likestilt med andre nasjonale omsyn innan areal, - og ressursforvaltninga. Vi ber om ei meir samordna tilnærming til dette, som inkluderar alle LNF-områda. Det vil etter vår vurdering kunne gi ei meir føreseieleg og mindre ressurskrevjande oppfølging av kommunane sin praksis i landbruksområda.

#### *Hvilke sakstyper kan fylkesmannen kreve oversendt?*

Fylkesmannen ber om avklaring på om rapporteringsplikta og gjeld saker om nydyrkning og landbruksvegar, i og med at lovverket for dette har heimel i jordlova. Vi ser eit behov for at praktisering av forskrift om planlegging og godkjenning av vegr til landbruksføremål, blir vurdert som ein del av rapporteringsplikta.

## **6 ADMINISTRATIVE OG ØKONOMISKE KONSEKVENSER**

Høyringsnotatet kommunisere ei ambisjon om å følgje med på kommunane si praksis og om nødvendig gripe inn for å sikre betre rettstryggleik og måloppnåing av vedteken nasjonal politikk. Fylkesmannen vil understreke at dette vil kreva styringskapasitet, gjennom ressursar og kompetanse.

Slik vi vurderar saka vil føreslåtte ordning kome i tillegg til dei verkemiddel som i dag er i bruk for rapportering og "kontroll". Noko samordningsgevinst kan ein truleg oppnå, men det er feil å vente at ordninga ikkje vil krevje auka ressursbruk hjå kommunar og fylkesmenn. Ei tettare oppfølging vil tvillaust kunne auke kvaliteten på saksbehandlinga i kommunane. Samstundes vil det krevje auka bruk av § 35 i forvaltningslova, dersom intensjonen med føreslåtte heimel skal ha eit reelt innhald i høve politikkjennomføring. Dette vil føre til auka saksførebuing av overprøvingssaker hjå fylkesmannen, og til fylkeslandbruksstyret (fram til 2010).  
Klagesaksbehandling av slike saker vil også krevje ressursar.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FYLKESMANNEN:**

1. Rogaland fylkeslandbruksstyre sluttar seg til hovudmerknadene frå Fylkesmannen.
2. Rogaland fylkeslandbruksstyre støtter det framlagde lovforslaget om å innføre lovheimel som gir fylkesmannen høve til å pålegge kommunane rapporteringsplikt i saker etter jordloven og konsesjonsloven.
- 3 . Rogaland fylkeslandbruksstyre ber om avklaring på om rapporteringsplikta og gjeld saker om nydyrking og landbruksvegar, i og med at lovverket for dette har heimel i jordlova. Fylkeslandbruksstyret ser eit behov for at praktisering av forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksføremål, blir vurdert som ein del av rapporteringsplikta.
4. Rogaland fylkeslandbruksstyre forventar at departementet vurderar det auka behovet for administrative ressursar forslaget vil gje, dersom det skal bli ei reel oppfølging av rapporteringsplikta.

Joar Oltedal  
landbruksdirektør

Dagfinn Hatløy  
seniorrådgiver

## AVRØYSTING I FYLKESLANDBRUKSSTYRET 23.10.08:

### Fellesforslag frå Høyre og Frp:

Rogaland fylkeslandbruksstyre støttar ikkje det framlagte lovforslaget som gir fylkesmannen lovheimel til å pålegga kommunar rapporteringsplikt i saker etter jordlova og konsesjonslova.


Fylkeslandbruksstyret meiner at dette lovforslaget vil før til ei svekking av den lokale sjølvråderetten og lokaldemokratiet, samstundes som det vil føra til ei auka byråkratisering både i kommunane og hjå fylkesmennene. Fylkeslandbruksstyret har tillit til lokal forvaltning av lovverket etter gitte retningslinjer.

Ivar Tangeråas (H), Marianne Torbjørnsen (Frp) og Halvard Holen (FrP) røysta for sitt fellesforslag

Karl Eik (V), Tor Audun Bilstad (Sp), Agnar J. Bruntveit (Ap) og Jon Lund (Ap) røysta for innstillinga

### Innstillinga frå landbruksavdelinga blei vedtatt (4-3)

Fylkesmannen, landbruksavdelinga 24.10.2008



Dagfinn Hatløy  
seniorrådgiver

### **Utskrift sendt til:**

Landbruks- og matdepartementet, Postboks 8007 Dep, 0030 Oslo